

Bømlo kommune
Leirdalen 1
5430 Bremnes

Dato	17.10.2025
Vår referanse	2023/79235-8
Dykkar referanse	2023/774
Sakshandsamar	Cathrine Gunn Grasdal
E-post	Cathrine.Gunn.Grasdal@vlfk.no
Telefon	

Fråsegn til høyring av detaljregulering - gnr. 109 bnr. 320 mfl. - naust Svortlandsjøen - planID 4613 202302 - Bømlo kommune

Vi viser til brev datert 05.09.25 om høyring av forslag til detaljregulering for Svortlandsjøen. Hovudføremålet med reguleringa er naust og infrastruktur. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan og gamal reguleringsplan, og Bømlo kommune vil no få ei oppdatering. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Vestland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til vår fråsegn til oppstartmeldinga i brev av 31.10.23. For kommunane i Sogn og Fjordane og kommunane i Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre:
www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planretteiing.

Vurdering

Planfaglege merknader

Med bakgrunn i trong for supplerande dokumentasjon av kryss og svingradius, har Vestland fylkeskommune fått høve til å gje uttalen innan 23. oktober, 2 dagar etter oppsett frist.

Vestland fylkeskommune gav innspel til oppstart, og dette er gjeve att i eige samledokument. Vidare kan vi ikkje sjå at innspel til oppstart er handsama og vurdert i plandokumenta.

Strandsona

I vårt innspel til oppstart peikte vi mellom anna på trong for vurdering av verdiane i strandsona for temaa stadutvikling, barn og unge sine interesser, folkehelse, friluftsliv og landskap.

Det er positivt at ein i utgreiingsarbeidet har lagt vekt på vurderingar knytt til naturmangfald, friluftsliv, strandsone, landskap, andre ålmenne interesser, samt samfunnsverknad/sosial infrastruktur.

Vi vurderer at føresegnene under 3.5 Naust (UNB) er gode føringar for omsyna til nemnde tema over, og fylkeskommunen er positiv til at kommunen er tydeleg på kulturminneomsyn, funksjonen til naust i planområdet, og at det ikkje skal fyllast ut i sjø.

Automatisk freda kulturminne

Ut frå våre arkiv har vi ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne i det aktuelle planområdet. Det aktuelle arealet er prega av tidlegare utbygging og tiltak, og blir vurdert til ikkje å ha høgt

potensiale for funn av bevarte kontekstar med uregistrerte kulturminne i marka.

Saka har også blitt vurdert av Bergens Sjøfartsmuseum. I høve brev datert 10.10.2023, kjenner dei ikkje til marine kulturminne som kan bli råka av reguleringa.

Regional kulturmiljøstyresmakt i Vestland fylkeskommune har ingen vidare merknader til planen utover å gjere tiltakshavar merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne (til dømes gjenstandsfunn, bitar av flint/grønstein/rhyolitt, flekkar med trekol, bergkunst/skålgroper eller konstruksjonar) blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast på funnstaden til rette forvaltingstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil bli utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn. Meldeplikta gjeld også dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne.

Infrastruktur og veg

Vestland fylkeskommune ved avdeling for infrastruktur og veg skreiv i e-post av 22.09.2025 at det var trong for meir informasjon om utforming av avkøyrsele til planområdet frå fylkesveg 5012 Tverråvegen. Det fekk vi oversendt i e-post av 13.10.2025.

Vi vurderer at føreslått regulert løysing for avkøyrsele er tilstrekkeleg med omsyn til utforming av avkøyrsele, kombinert med generert trafikk og stadlege forholda med terrenget ved fylkesvegen.

Konklusjon

Vestland fylkeskommune har ingen vesentlege merknader til planforslaget.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule
fagansvarleg kommunal plan
NPI – Plan, klima og analyse

Cathrine Gunn Grasdøl
seniorrådgjevar
NPI - Plan, klima og analyse

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Sakshandsamarar:

Tore Slinning – KFO - Arealplan

Ørjan Nettelund Dybvik – INV – Vegforvalting bergensområdet

Kopi mottakarliste

Statsforvaltaren i Vestland

Statens hus - Njøsvegen 2

6863

LEIKANGER